



**miljøpartiet  
dei grønne**

**Øygarden**

# **LOKALPROGRAM 2019-2023 FOR ØYGARDEN KOMMUNE**

# KVIFOR DEI GRØNE NO?

1.1.2020 går vi inn i ein ny kommune. **Øygarden MDG vil vere med å skape ein grøn kommune for menneske og miljø!**

I 2015 blei Miljøpartiet Dei Grøne for første gong representert i Fjell kommunestyre. Det har mellom anna ført til at *Handlingsplan for energi, miljø og klima 2018-2020 blei vedteken i Fjell kommune i 2018.*

Med fleire grøne politikarar i nye Øygarden kommune kan vi få til mykje meir!

**Dei Grøne vil skape eit samfunn der vi har gode liv utan at vi øydelegg for andre.** Noreg står ved eit vegskilje, der langsiktig tryggleik, fridom og velferd for alle står på spel. Vi må ta eit oppgjær med målet om å heile tida produsere meir for å kjøpe og så kaste meir. Dei Grøne seier nei til den rådande politikken si rovdrift på menneske og miljø.

Dei Grøne vil ha eit Noreg der unge ikkje blir sjuke av prestasjonsjag og kjøpepress. **Vi vil ha levande lokalsamfunn** der færre er einsame og vi har meir tid til vener og familie. Ungane skal kunne leike trygt ute og sykle til skulen i frisk luft. Vi skal framleis kunne gå tur i gamal skog og fiske i sjøen. Dyra i havet skal ikkje kvelast av plast. Vi vil skape eit Noreg som kjempar mot klimaendringane, som bidreg til at færre blir drive på flukt og sikrar gode liv også for dei som kjem etter oss.

**Det skal være enklast og billegast å velje miljøvennleg, uansett kvar du bur.** Vi lovar å støtte folk med idear og pågangsmot til å skape nye grøne arbeidsplassar. Vi vil gje bygdene og byane tilbake til menneska, slik vi gjer i Oslo og andre stader der Dei Grøne er med å bestemme.

**Miljøpartiet Dei Grøne sitt mål er eit medmenneskeleg samfunn i økologisk balanse.** Økonomien skal underordnast sunne økologiske prinsipp og fremje fred og rettferd både lokalt og globalt. Livskraftige lokalsamfunn, i hovudsak basert på lokale ressursar er ein føresetnad for å nå målet.

# 1. LIVSKVALITET I LOKALSAMFUNNET

Dei Grøne vil skape eit samfunn der vi har gode liv utan at vi øydelegg for andre. **Ved å styrke dei levande lokalsamfunna, og gje gode moglegheiter for medverknad, gjer vi vår nye kommune tryggare, vennlegare og meir inkluderande.** Alle skal kjenne seg velkomne i Øygarden. I dag finst det framleis mange strukturelle og sosiale hindringar for god integrering som vi må jobbe aktivt for å bygge ned.

Frivillig arbeid er ein massiv ressurs for samfunnet, og gir auka livskvalitet og sosial utvikling til enkeltmenneske og lokalsamfunn.

## Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Vidareutvikle kommunedelsenterna med sentrale kommunale teneste som innbyggjartorg og bibliotek på Rong og i Skogsskiftet
- Sikre at utviklinga av Sotra kystby skjer på miljøet og innbyggjarane sine premiss
- Alltid prioritere innbyggjarar framfor utbyggjarar
- Sikre tilgjengelege lokale for organisert frivillig aktivite
- Prioritere livskvalitet framfor materiell vekst



## 2. SAMFERDSEL

Omlag ein femtedel av Noregs totale klimagassutslepp kjem frå trafikksektoren, men dagens samferdselspolitikk er prega av å berre leggje til rette for privatbilisme. Miljøpartiet Dei Grøne vil i større grad prioritere mjuke trafikantar, syklistar og kollektivreisande, slik at vi får ein sosial, effektiv og sunn måte å handtere reisande på.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Ha ei kraftig betring av kollektivtrafikken slik at offentleg transport blir eit attraktivt og reelt alternativ til bil for alle, ikkje berre for dei som bur nær knutepunkta Straume, Skogsvåg og Ågotnes
- Få fortgang i planane om båtsamband til Bergen
- Føre ein samferdselspolitikk som også prioriterer mjuke trafikantar og kollektivtrafikk
- Utbetre eksisterande vegar med tanke på trafikksikkerhet framfor å bygge store nye veganlegg
- Stille krav om utslippsfrie kjøretøy i offentlege kontraktar og anbod

## 3. GRØNE JOBBAR

Miljøpartiet Dei Grøne lover å støtte dei som har idear og pågangsmot til å skape nye grønne arbeidsplassar. Næringslivet er ein viktig motor for å drive utviklinga framover. Dei Grøne vil at offentleg og privat sektor begge skal være pådrivarar for nye miljøvennlege løysingar.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Utvikle nye grønne arbeidsplassar og meir miljøvennleg havbruk i vår region
- Kommunen må stille større krav til at produkt og teneste den kjøper er klima- og miljøvennlege
- Gi økonomiske insentiv til dele-, utleige- og utlansordningar etter modell av dagens bildeleringar og bibliotek
- Innføre kjeldesortering av papir, plast og matavfall i alle offentlege bygg og næringsbygg

## 4. NATUR OG MILJØ

Bevaring av naturen er viktig for naturoppleving, friluftsliv, og for det biologiske mangfaldet. Miljøpartiet Dei Grøne vil difor føre ein politikk som ikkje berre vernar dagens naturverdiar, men som også gjenskarar opphavlege naturverdiar og økosystem som har blitt øydelagt. Vi vil skape eit Noreg som kjempar mot klimaendringar, som bidreg til at færre blir drivne på flukt og sikrar gode liv også for dei som kjem etter oss. Klimaendringane gjer at vi må tenke nytt og smart, slik at vi kan gjere samfunnet robust mot kraftigare og hyppigare nedbør.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Innføre bærekraftmål med vekt på miljø og klima i forbindelse med kommunebudsjettet og innføre ei årleg behandling i kommunestyret om status og nye tiltak for å nå måla
- Redusere bruk og spreining av helse- og miljøskadelag mikroplast frå kilder som bildekk, tekstilar, maling, hudpleieprodukt og vaskemidlar, samt fase ut gummi-granulat på kunstgrasbaner i samarbeid med næringslivet og idretten
- Hindre plastforsøpling ved å redusere bruken av plastemballasje og plastprodukt
- Innføre støtteordning for småskala insektsvennlege tiltak i hagar og parkanlegg
- Verne om allemannsretten og innbyggjarane sin tilgang til strandsona



## 5. HELSE OG OPPVEKST

Dei Grøne vil ha levande lokalsamfunn der færre er einsame og vi har meir tid til vener og familie. Skulen skal gi alle moglegheit til å delta i fellesskapet med livsmestring, læringsglede, kritisk tenking og evne til problemløysning. Helsepolitikken må sjåast i samanheng med andre politikkområde. Vi vil leggje til rette for meir fysisk aktivitet og dagleg mosjon i form av gange, sykling og turar i naturen. Sjuke og pleietrengande menneske skal få god og trygg omsorg og behandling av høg kvalitet. Politikk for helse, oppvekst og gode lokalsamfunn rører også ved barnehagepolitikken. Barnehagen skal være med på å leggje grunnlaget for eit godt liv og livslang læring.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Sikre lokalmiljø der det er trygt å gå og sykle til barnehage, skule og grøntområde
- Styrke samarbeidet mellom skulehelsetenesta og helsevesenet for unge, og sikre god tilgang på helse-sjukepleiar på alle skular
- Fokuserer på lek og meistring i småskulen, og avgrense lekser for dei yngste elevane
- Sikre skulebarn kunnskap om seksuell trakassering og grensesetting
- Satse på gode lærebøker i skulen i tillegg til digitale verktøy
- Sikre god vaksentettleik i barnehage og skule
- Innføre eit gratis skulemåltid til alle elevar i Øygarden

# VÅRE TOPPKANDIDATAR

## MARIA THOMASSEN

Førstekandidat for Øygarden MDG

*Om meg:*

*26 år, mor til ei dotter på 6 år.*

*Utdanna økonom og er for tida sosiologstudent.*



*Eg brenn for å utvikle samfunnet i grøn og bærekraftig retning. Eg ønskjer eit samfunn som verdset kvinner og menn likt, som inkluderer og aksepterer ulike livssyn og livsstilar.*

## BJØRN TORE HATLETUN

Andre kandidat for Øygarden MDG

*Om meg:*

*39 år, far til ein gut på 4 år.*

*Opphavleg frå Skogsvåg, no busett på Straume. Utdanna ambulansarbeidar og ingeniør.*



*Eg er opptatt av å sikra ei god framtid for våre etterkomarar ved å arbeida for ei grønare linje i politikken.*

*Dagens unge og deira barn òg skal kunne oppleva urørt natur, rein luft, reint vatn og ha god nok mattryggleik. Eg brenn også for å utjamna aukande forskjellar i samfunnet.*

# TENK NYTT STEM GRØNT

**Bli bedre kjent med oss på**

- [mdg.no](http://mdg.no) / [oygardenmdg.no](http://oygardenmdg.no)
- [@miljopartietdegronne](https://www.facebook.com/miljopartietdegronne)
- [@partiet](https://www.instagram.com/partiet)  
[#formenneskerogmiljø](https://twitter.com/partiet)